



Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/11728-2

## **Høyring: Heva kvotetak i kystflåten over 11 meter**

### **Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slike vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ber departementet om at kvotetaket ikkje vert heva før fylkesbindingane er oppheva.
- 2 Hausten 2016 vert det levert eit dokument frå eit ekspertutval som er oppnemnt at Nærings- og fiskeridepartementet. Dersom problemstillinga med heva kvotetak ikkje vert godt nok drøfta her bør det setjast ned eit utval der ein ser på konsekvensane av ei strukturering i fiskeflåten, der ein både ser på behov og ringverknadar.

### Vedlegg:

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Høyringsdokument: Heva kvotetak i kystflåten over 11 (13) meter heimelslengd
2. Innspel frå Flora Fiskarlag
3. Innspel frå Solund Fiskarlag
4. Innspel frå Sogn og Fjordane Fiskarlag
5. Sak 5 frå Landsmøtet i Norges Fiskarlag november 2015.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Fylkeskommunen er høyringssaka i saka som har høyringstid 4. februar 2016.

Fylkeskommunen sende førespurnad til Sogn og Fjordane fiskarlag (11. november) om innspel til denne høyringssaka, og vi har fått kommentar frå Flora Fiskarlag, Solund Fiskarlag, Sogn og Fjordane Fiskarlag. Det er også kome sak frå Norges Fiskarlag sitt høgste organ, Landsmøtet, der dette var sak 5 på møtet i november 2015.

#### Sentrale problemstillingar

I høyringsnotatet legg Nærings- og fiskeridepartementet fram eit forslag om å heve kvotetaka i kystflåten over 11 meters heimelslengdi<sup>1</sup>. Kystflåten kan i hovudsak definerast som fiskefartøy

<sup>1</sup> Kvoter blir som regel gradert etter fartøystorleik. Heimelslengd er den lengda fartøyet hadde da kvotene blei gradert (skjeringsdato) og ikkje alltid den lengda dei har i ettertid.

med mindre enn 500 m<sup>3</sup> lastevolum. Kystflåten er den mest talrike fartøygruppa i Noreg, og er viktig for næringsliv og busetjing langs kysten. Fartøygruppa består av ulike reguleringsgrupper og driv innan fleire fiskeri.

Det har gjennom mange tiår vore brei tverrpolitisk semje om at fangstkapasiteten i fiskeflåten må tilpassast ressursgrunnlaget. Kapasitetstilpassing i fiskeflåten medverkar til ei berekraftig utnytting av dei marine ressursane. Strukturkvoteordninga har vore ein viktig drivar for å tilpasse kapasiteten til ressursgrunnlaget.


Strukturkvoteordningar er rammeverket i fiskerinæringa. Skal vi framleis legge til rette for å auke effektiviteten i næringa, må næringa ha høve til å ha eit driftsgrunnlag som skapar lønsemrd, både for fartøyeyeigar og for mannskapet. Difor vil regjeringa no vurdere å heve kvotetaka i kystflåten.

I høyringsutkastet ber departementet om tilbakemeldingar på ei rekke spørsmål. Desse er kompliserte og heng i stor grad i saman. Utan ein inngåande kjennskap til, og kunnskap om fiskerinæringa, er det svært vanskeleg å svare på alle høyringsspørsmåla som vert stilt høyringsinstansane.

Dette høyringssvaret vil difor konsentrere seg om hovudproblemstillinga: Er tida no mogen for å heve kvotetaka i kystflåten over 11 meter?

## *Nærare om stukturkvoteordninga*

Strukturkvoteordninga verkar innanfor dei ulike regulerings- og deltakargruppene i kystfiskeflåten, i fartøygruppene med heimelslengd for kvotetildeling over 11 meter (13 meter i kystmakrellgruppa). Hovudvilkåra for å få tildelt strukturkvote er at eit fartøy blir kondemnert, og alle deltarrettar og løyve knytt til dette fartøyet blir oppgitt. Når dette vilkåret er oppfylt, kan eit anna fartøy i same lengdegruppe få tildelt strukturkvote i dei aktuelle fiskeria. Det er også mogleg å fordele strukturkvoten på fleire fartøy. Strukturkvoten er like stor som kvoten til fartøyet som er tatt ut, avkorta med 20 pst. Avkortinga går til reguleringsgruppa og har tradisjonelt blitt fordelt på alle attverande fartøy i gruppa. Strukturkvote blir tildelt for eitt år om gongen, og kan tildelast i opptil 20 år. Døme på korleis strukturkvoteordninga verkar er vist i figur 1 under.



Figur 1 Skisse over strukturkvoteordning for kystflåten

Det er fastsett kvotetak innan dei ulike storleiksgruppene. Kvotetaket inneber ei avgrensing av kor mykje kvote som kan tildelast eitt fartøy, og er ulikt for dei ulike gruppene. I Noreg kan vi dele fiskeria i to grupper: torskefiskeria og dei pelagiske fiskeria. Torskefiskeria omfattar fiske etter torsk, hyse og sei og anna botnfisk, medan dei pelagiske fiskeria omfattar fiske etter sild og makrell og andre pelagiske artar (artar som lever i dei frie vassmassane).

Regjeringa har nyleg oppnemt eit ekspertutval som skal vurdere det norske kvotesystemet, og sjå på moglege alternativ til dagens system. Utvalet skal også vurdere strukturkvoteordningane. Regjeringa meiner like fullt det inntil vidare er viktig å tilpasse det rammeverket vi har i dag i takt med utviklinga i fiskerinæringa. Regjeringa vil difor i dette

høyrbrevet foreslå å auke kvotetaka i kystflåten for fartøy med heimelslengd over 11 meter. I høyrbrevet vert det drøfta forskjellige eigenskapar for denne fartøygruppa, og ulike alternative kvotetak.

#### *Om fylkesbindingar*

I fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62° N med konvensjonelle<sup>ii</sup> kystfiskefartøy og i fisket med konvensjonelle havfiskefartøy er det lagt inn ei såkalla fylkesbinding, noko som inneber at eit fartøy ikkje kan seljast vidare for framleis drift frå eit fylke til eit anna. Kravet er at kjøpar og seljar av fartøyet skal ha vore ført i fiskarmanntalet i same fylke dei siste 12 månedane før kjøpet skjer. Unntak frå dette kan mellom anna gjerast når fartøy blir kjøpt frå eit anna fylke til Nord-Troms og Finnmark. Formålet med desse reglane er å oppretthalde den relative fordelinga av torskefartøya mellom fylka. I fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62° N med konvensjonelle kystfiskefartøy gjeld det også ei fylkesbinding ved bruk av strukturkvoteordninga.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Ordninga med strukturvoter er komplisert og heng også i stor grad i saman med t.d. ordninga med fylkesbindingar som er forklart i avsnittet over. I dette høyringssvaret vil vi difor konsentrere oss om hovudproblemstillinga om tida no er mogen for å heve kvotetaka i kystflåten over 11 meter.

Fylkeskommunen har motteke høyrbrevsinnspel frå *Sogn og Fjordane Fiskarlag* som ikkje vil endre dagens struktur før fylkesbindingane i torskefiskeria er oppheva for alle gruppene. Dei meiner vidare at ein bør setje ned eit breitt utval med representantar frå alle flåtegruppene der ein ser på konsekvensane av ei strukturering i fiskeflåten med fokus på både behov og ringverknadar.

Formann i *Solund Fiskarlag* peikar på at ei heving av kvotetaket, før dei har fjerna fylkesbindingane på torsk, vil kunne føre til at andre får betre vilkår enn fiskarar frå vårt fylke.

*Flora Fiskarlag* peiker på at dette er ei viktig sak for Sogn og Fjordane. Dei ynskjer også fylkesbindingane bort, og at ytterlegare strukturering bør vente til etter dette. Dei ynskjer å sjå på andre modeller enn det som vert omtalt i høyringsdokumentet.

I vedtaket frå Landsmøtet, som er Norges Fiskarlag sitt høgste organ, vert det i pkt. g) peika på at strukturkvoteordninga både har negative og positive effektar, men at dei positive effektane overskygger dei negative, og at ordninga representerer ein effektivitetsgevinst for dei attverande aktørane i gruppene. Dei peikar vidare i vedtaket på at fiskeriministeren i høyringsnotatet har lytta til organisasjonane då desse har fremja forslag om auke i kvotetaka i strukturkvoteordninga for kystflåten med heimelslengd over 11 meter. Vidare er det vist til at Norges Fiskarlag sitt prinsipielle syn er at fylkesbindingane må opphevast, sjølv om høyringsdokumentet opnar opp i retning av større regioner.

Nærings- og fiskeridepartementet har oppnemnt eit ekspertutval (Eidesen-utvalet) som har fått i oppdrag å analysere alternative kvotesystem som legg til rette for lønsemid, og at flåten skal vere tilpassa ressursgrunnlaget. Utvalet skal også ta høgde for fleksibilitet og individuell tilpassing i kvotesystemet. Utvalet skal vere ferdige med si innstilling sinast 30. september 2016.

## **3. Konklusjon**

Sett i lys dei eintydige innspela frå fiskeriorganisasjonane, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune be departementet om at ein ikkje hever kvotetaket før fylkesbindingane er oppheva.

Dersom ikkje ekspertutvalet som er oppnemnt at Nærings- og fiskeridepartementet har ei brei nok drøfting av problemstillinga med heving av kvotetak, bør det setjast ned eit utval med

---

<sup>ii</sup> Konvensjonelle fartøy: fartøy som fiskar med garn, line, snurrevad eller juksa, men ikkje dei som fiskar med not.

representantar frå alle flåtegruppene der ein ser på konsekvensane av ei strukturering i fiskeflåten, med fokus på både behov og ringverknadar.